



EIGARSKAPSMELDING

2013

INNLEIING

Rådmannen har ei tid signalisert at det skulle utarbeidast ei eiga melding om kommunen sine engasjement i ulike selskap. Sykkylven kommune har ikkje tidlegare utarbeidd slik eigarmelding. Føremålet er dels å få ein betre oversikt over kva kommunen er engasjert i og dels etablere ein meir medviten strategi for kva ein ynskjer å oppnå gjennom desse selskapa.

Dette er eit felt som i lang tid har vore forsømt. Kommunane eig store verdiar utanom den kommunale organisasjonen og kommunen si eiga kasse. Dette set krav til innsyn og kontroll. Dei fleste selskap som kommunen er medeigar i, får «leve sitt eige liv» uavhengig av politisk innblanding eller kontroll. Dette kan vere uheldig.

Kommunen er i dag engasjert i fleire heileigde kommunale selskap der berre Sykkylven kommune er eigar. Dette krev ein måte å utøve eigarskapet på. Dessutan har kommunen eigarinteresser i andre selskap saman med andre kommune eller saman med private selskap. Dette inneber andre måtar å tenkje på. Innflytelse over selskapa er også lågare til mindre eigardel ein har.

Vi håper at denne eigarskapsmeldinga kan vere med å bevisstgjere politikarane på at ein også har eit ansvar for dei selskapa som kommunen har eigarinteresser i.

Det er innhenta informasjon frå dei ulike selskapa. Den ligg ved meldinga som vedlegg. I meldinga ligg også ved ein oversikt over interkommunale samarbeid som Sykkylven kommune er med i p.t.

Vedtak i kommunestyret 11.11.13: (samrøystes)

Kommunestyre tek eigarskapsmeldinga for Sykkylven kommune til orientering

MÅLSETTING FOR EIGARSKAPSMELDINGA

1. Gje kommunestyret ei samla oversikt over Sykkylven kommune sine eigarinteresser
2. Utvikle ein medviten eigarstrategi for utvikling av selskapa kommunen er engasjert i
3. Gje ein samla oversikt over moglege organisasjonsformer for kommunalt eigarskap

HOVUDPRINSIPP FOR EIGARSTRATEGI

Sykkylven kommunestyre sin eigarstrategi skal gje retningslinjer for kva kommunen ønskjer med selskapa som ein har eigarinteresser i. Strategien skal vere med å leggje grunnlag for tydelege retningslinjer til selskapa. Dette skal for framtida gjerast ved å ha eit særleg fokus på eigarstrategi når vedtektene skal utformast eller revurderast.

Det skal også leggjast vekt på eigarstrategi når dei ulike selskap skal rapportere til kommunestyret om drift og resultat.

Eigarstrategien vil også gjere at kommunen sine representantar i dei ulike selskapa kan drøfte eigarstrategi med formannskapet/kommunestyret.

Eigarstrategi er det dei folkevalde organ som skal utforme, og då må det vere god kontakt mellom eigar og selskap. Eiga skal sjå til at selskapet får eit godt og handlekraftig styre. Som hovudregel vil ei valnemnd vere nyttig, og det er også i tråd med det KS tilråd i sitt arbeid med eigarskapsstyring.

VERDIGRUNNLAG FOR EIGARSTRATEGI

1. Sykkylven kommune skal forvalte sitt eigarskap på ein open måte, basert på prinsipp om meirinnsyn. Det same skal gjelde for dei verksemdene kommunen har eigarforhold til.
2. Kommunen ønskjer eigarskap som fremjar samfunnsansvarleg forretningsdrift og berekraftig samfunnsutvikling.
3. Kommunen skal leggje vekt på at selskap der kommunen har eigarskap, blir sikra eit godt og handlekraftig styre.
4. Godtgjersla til styret skal ligge på eit moderat nivå.
5. For kommunale føretak skal kommunen sin arbeidsgjevarepolitikk gjelde. Det skal så langt råd også gjelde for alle heileigde selskap.
6. Kommunen ønskjer å ha god dialog med sine selskap på ulike nivå både administrativt og politisk. Det bør årleg bli invitert til informasjons- og strategimøte med dei viktigast selskapa. Kommunen ønskjer at eigarskap blir følgt opp med rutinar for rapportering.
7. For føretak og alle heileigde selskap skal kommunen sine etiske retningslinjer gjelde. For dei andre selskapa føreset kommunen at styret utarbeider og følgjer opp etiske retningslinjer for sitt selskap.

8. Ved oppstart av ny kommunevalperiode skal det haldast eit eigarseminar for kommunestyret, der eigarskapsmelding og eigarskapspolitikk blir gjennomgått. Seminaret skal gjentakast etter to år.
9. Kommunen ønskjer gjennom sitt eigarskap å gi styret klare mål, og saman med styret bidra til å finne gode og nyttige endringar og justeringar. Alle selskap skal årleg utarbeide ein selskapsstrategi som strekk seg mot å møte forventningar/mål som er gitt til selskapet gjennom kommunen sin eigarskapspolitikk og strategi.
10. Kommunen kan ha ulike roller overfor det enkelte selskap, for eksempel som kunde, forvaltningsorgan eller eigar. Kommunen skal vere påpasseleg med ikkje å blande desse rollene.
11. Kommunen ønskjer å vere ein ansvarleg eigar. Store endringar i eigarstrategi skal vere utgreidd og vurdert grundig før vedtak blir gjort.

MOTIV FOR EIGARSKAP

Eigarskapsmeldinga tek utgangspunkt i ein føresetnad om at når kommunen etablerer eller blir medeigar i eit selskap, så gjer kommunen det for å oppnå noko.

Følgjande motiv er vanlege for kommunane:

Finansielt motivert eigarskap:

Selskap der motivet er økonomisk utbytte av innskoten kapital og sterk avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko.

Effektivisering av tenesteproduksjonen:

Selskap der motivet er auka kvantitet og betre kvalitet på tenesteproduksjon for særskilte område. Typisk døme her er interkommunale selskap (IKS)

Samfunnsøkonomi og regional posisjonering:

Selskap der motivet er å posisjonere kommunen og regionen. Slike selskap kan også medføre nasjonale satsingar og utløyse statlege verkemiddel og nasjonale prioriteringar. Dømer her er Sunnmøre Regionråd IKS.

Lokal kulturpolitikk og utvikling av lokalsamfunnet:


Selskap der motivet ikkje er økonomisk, men meir av lokalpolitisk eller kulturell interesse. M.a. gode oppvekstvilkår for barn og ungdom.

SELSKAPSFORMER

Det er mange ulike selskapsformer som kan nyttast for organisering av kommunale oppgåver ved selskapsorganisering. Føremålet med den kommunale verksemda har mykje å seie for kva selskapsform ein vil velje. Nedanfor blir det gjort greie for dei mest vanlege organisasjonsformene.

Kommunestyret må alltid vurdere følgjande moment:

- Kva handlingsrom treng vi for politisk styring? Kva handlingsrom får vi ved val av akkurat denne selskapsforma?
- Får kommunestyret reell styring gjennom representasjonsmodellar?
- Kva økonomisk ansvar får vi?
- Risikovurdering, økonomisk, marknadsutsikter, miljø og samfunnssikkerheit
- Får vi den kvaliteten vi ønskjer på den kommunale tenesta? Korleis blir forholda for innbyggjarane?
- Selskapet sin økonomiske fridom, prioritering av ressursbruk
- Fleksibilitet – endring av eigarforhold/samarbeid med privat
- Forhold til forvaltningslov/offentlighetslov
- Skatte- og avgiftsmessige forhold
- Korleis slår lova om off. anskaffelse ut?
- Er den arbeidsgjevarepolitiske strategien slik kommunestyret ønskjer det?



AKSJESELSKAP (AS)

Sykkylven kommune har pr. 01.01.13 følgjande heileigde kommunale AS:

- Sykkylven Energi AS
- Storfjordterminalen AS
- Sykkylven Bustadselskap AS
- Sykkylven Eigedomsutvikling AS

Sykkylven kommune har pr. 01.01.13 følgjande AS som ein er medeigar i:

- ❖ Sykkylven Næringsutvikling AS
- ❖ Sykkylvsbrua AS
- ❖ Storfjordsambandet AS
- ❖ Aure Omsorgsbustader AS
- ❖ Destinasjon Sunnmøre og Ålesund AS
- ❖ Furene AS

Kva er eit aksjeselskap (AS)?

Eit aksjeselskap er regulert i aksjelova av 13.juni 1977 nr 44. Selskapet er eit eige rettssubjekt. Det viktigaste trekket ved eit AS som selskapsform er at aksjeeigarane ikkje er ansvarlege for selskapet sine forpliktingar anna enn for innskoten kapital. Aksjekapitalen i

eit AS må (p.t.) vere på minimum kr 30.000,-. Eit aksjeselskap som ikkje er i stand til å fylle sine forpliktingar, kan takast under konkursbehandling.

Når kan denne selskapsforma vere eigna?

Eit AS er eit sjølvstendig rettssubjekt og kan ha ein eller fleire deltakarar. Eit AS kan difor vere tenleg dersom ein ønskjer ulike grupper av eigarar eller leggje til rette for at fleire kan vere eigarar. Innrettinga av selskapsforma bygger på den risiko som slik konkurranse-eksponert verksemd inneber. Selskapsforma eignar seg der kommunen ønskjer å ha eit heilt avklart avgrensa ansvar – til innskoten kapital. I tillegg vert AS nytta av mange kommunar som heileigde kommunale selskap. Døme her er energiselskap.

Styring og kontroll

Ein aksjonær har ulike rettar i eit AS alt etter kor stor del av selskapet vedkomande eig. For kommunen er det viktig at eigardelen er tilpassa kommunen sitt føremål med selskapet og i kva grad ein ynskjer å ha kontroll på aktiviteten. Aksjelova avgjer i kva grad ein kan ta ut utbytte og midlar av selskapet. Det er styret som kjem med forslag til dette som må vedtakast av generalforsamlinga i selskapet. Det kan lagast aksjonæravtale som heimlar handlingsreglar for disponering av selskapet sitt overskot. Dette vil vere bindande for styret si innstilling og generalforsamlinga sitt vedtak. Eit heileigd kommunalt selskap er enklare å styre for kommunen enn eit selskap med både offentlege og private eigarar.

KOMMUNALE FØRETAK (KF)

Sykkylven kommune har pr. 01.01.13 ikkje tenester organisert i kommunale føretak.

Kva er eit kommunalt føretak (KF)?

Kommunale føretak (KF) er ein del av kommunen som rettssubjekt og heimla i KL § 11. Føretaket er ikkje eit eige selskap med rettslag eller økonomisk sjølvstende. Kommunale føretak er ein del av kommunen og er dermed underlagt kommunestyret. Gjennom vedtektene fastset kommunestyret det verksemda skal drive med og den ytre ramma for styret sitt mynde. Kommunestyret skal godkjenne det kommunale føretaket sitt budsjett og rekneskap.

Når kan denne selskapsforma vere eigna?

Reglane om kommunale føretak tek særleg sikte på å gi eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Organisasjonsforma blir som regel brukt når både forretnings- og samfunnsmessige omsyn skal ivaretakast. Kommunale eigedomsselskap vert ofte organisert etter KF-modell. Det same gjeld Hamnevesen.

Styring og kontroll

Eit KF skal leiast av eit styre og ein dagleg leiar med alminneleg mynde til å treffe avgjersle innanfor det vedteke budsjettet. Det er kommunestyret som vel styre i føretaket. Etter kommunelova § 69 kan styret sitt sjølvstende avgrensast ved at ein i vedtektene kan

fastsette at bestemte saker skal vere godkjende av kommunestyret. Men eit KF har likevel ei sjølvstendig rolle i forhold til den kommunale administrasjonen bortsett frå at rådmannen kan instruere dagleg leiar til å ikkje iverksetje eit tiltak før kommunestyret har handsama saka. I saker som føretaket sender vidare til kommunestyret, skal rådmannen leggje fram si vurdering og innstilling til kommunestyret.

VERTSKOMMUNESAMARBEID (KL § 28a)

Sykkylven kommune er pr. 01.01.13 ikkje deltakar i vertskommunesamarbeid etter KL § 28a

Kva er eit vertskommunesamarbeid etter KL § 28a?

Ein kommune kan overlate utøving av lovpålagde eller andre oppgåver til ei anna kommune gjennom vertskommunesamarbeidet. Dette er heimla etter KL § 28a. Gjennom dette samarbeidet kan vertskommunen m.a. utøve delegert mynde til å treffe vedtak etter forvaltningslova. D.v.s. ei kommune utfører oppgåver på vegne av ei anna kommune utan at det vert etablert nokon form for interkommunal organisatorisk overbygning.

Når kan denne organiseringa vere eigna?

Vert ofte nytta når små kommunar har behov for tilgang til fagleg kompetanse som kan vere vanskeleg å rekruttere. Fleire kommunar har nytta denne modellen m.a. innanfor IKT der du har ei stor kommune som yter tenester til fleire mindre kommunar. Samarbeid innanfor barnevern, PPT, landbruk og byggtekniske tenester kan også vere aktuelle.

Styring og kontroll

Det vert inngått ein skriftleg avtale mellom dei aktuelle kommunane og vertskommunen. Det er ikkje snakk om ei sjølvstendig organisatorisk eining, men om eit forvaltnings- og tenesteapparat som er underlagt styringsstrukturen i vertskommunen. Vertskommunen har teke på seg eit oppdrag på vegne av den andre kommunen, men oppdragsgjevaren har framleis ansvar for å føre tilsyn med korleis oppdraget vert utført. Overføring av mynde inneber ikkje at ansvaret vert flytta bort frå kommunen.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID (IS KOMMUNELOVA §27)

Sykkylven kommune er pr. 01.01.13 ikkje deltakar i interkommunalt samarbeid er KL § 27.

Kva er eit § 27-samarbeid ?

Kommunelova (KL) § 27 har reglar om samarbeidsavtalar mellom kommunar og/eller fylkeskommunar når samarbeidet er organisert med eige styre. Gjennom vedtektene kan

det heimlast at eit interkommunalt samarbeid blir gitt ansvar og mynde slik at det er eit eige rettssubjekt.

Når kan denne selskapsforma vere eigna?

Ordninga vert i dag lite nytta. Men vi har eit samarbeidsprosjekt i vår region som er etablert etter KL § 27, det er eKommune Sunnmøre.

Styring og kontroll

Styret for eit interkommunalt samarbeid kan tildelast ei viss sjølvstendig avgjersmynde, men den må likevel avgrensast til avgjersle som vedkjem drift og organisering av den aktuelle verksemda. Styret si rolle og forhold til samarbeidskommunane må klargjerast i vedtektene. Gjennom denne ordninga vert det etablert eit eige avgjerslenivå. Vedtektene i selskapet avgjer kva kompetanse som vert lagt til styret. Ein avtale kan seiast opp med eitt års verknad.

INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)

Sykkylven kommune er pr. 01.01.13 deltakar i følgjande IKS-samarbeid:

- ❖ Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 IKS
- ❖ Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS
- ❖ IKA – interkommunalt arkiv IKS
- ❖ Åknes Tafjord beredskap IKS
- ❖ Sunnmøre Regionråd IKS
- ❖ ÅRIM: Ålesunds Regionens Interkommunale Miljøselkap IKS

Kva er eit IKS-selskap ?

Samarbeid mellom fleire kommunar og/eller fylkeskommunar kan organiserast som interkommunalt selskap etter lov av 29.januar 1999 nr 6. Lova heimlar at interkommunale selskap er eigne rettssubjekt som både rettslig og økonomisk er skilt frå deltakarkommunane. Selskapet har si eiga formue og sine eigne inntekter, og svarer sjølv for sine forpliktelser.

Når kan denne selskapsforma vere eigna?

I eit interkommunalt selskap kan berre kommunar og fylkeskommunar vere deltakarar. Lovpålagde oppgåver, samt tenester der det kan vere rekningssvarande og strategisk å løyse oppgåvene felles, er døme på verksemder som egner seg for denne selskapsforma. Tilsvarande gjeld regionale utviklingsoppgåver, prosjekt og anlegg.

Styring og kontroll

Selskapet sitt øvste mynde ligg hos representantskapet. Representantskapet er eigarane sitt organ der eigarmynde vert utøvd. Eit særtrekk ved interkommunale selskap er at kvar av deltakarane har eit ubegrensa ansvar for ein viss prosent eller ein brøkdel av selskapet sine

samla forpliktelser. Gjennom selskapsavtalen kan ansvaret avgrensast, men samla skal deltakarane sine ansvarsdelar utgjere selskapet sine samla forpliktelser. Av lov om interkommunale selskap § 18 følgjer det at selskap der deltakande kommunar betaler tilskot, er selskapet sitt budsjett ikkje endeleg før deltakarkommunane sine budsjett er behandla.

STIFTINGAR

Sykkylven kommune er pr. 01.01.13 ikkje deltakar i selskapsformer kalla stiftingar.

Stiftingar vert ikkje omtala nærare i meldinga.

AKSJELAG (AL) – LUTLAG (LL)

Sykkylven kommune er pr. 01.01.13 ikkje større eigarinteresser i aksjelag (AL) eller lutlag (LL).

Aksjelag og/eller lutlag vert ikkje omtala nærare i meldinga.

OVERSIKT SELSKAP SYKKYLVEN KOMMUNE HAR EIGARINTERESSER I

STATUS PR. 11.11.13

SELSKAP	FORM	TAL STYREMED	TAL FRÅ SYK-KOM	MERKNAD
Sykkylven Energi AS	Heileigd	7	5*	
Sykkylven Bustadselskap AS	Heileigd	5	5*	
Aure Omsorgsbustader AS	AS	5		Felles styre med Syk. Bustads.
Sykkylvsbrua AS	AS	5	3*	
Sykkylven Egedomsutvikling AS	Heileigd	3	3*	
Storfjordterminalen AS	Heileigd	3	3*	
Sykkylven Godsterminal AS	Heileigd	5	3*	Blir fusjonert med Storfjordterminalen
Sykkylven Næringsutvikling AS	AS	5	3*	
Storfjordsambandet ASA	ASA	5		
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 IKS	IKS	5		
Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS	IKS	3		
IKA – Interkommunalt arkiv	IKS			
Åknes Tafjord Beredskap IKS	IKS	7	1*	Ordfører
Sunnmøre Regionråd IKS	IKS	7		
Destinasjon Sunnmøre og Ålesund	AS	7		
Sykkylven Friluftssenter SA	LL	5		
Sunnmøre Krisesenter AS	AS			Birgitte S. Bonesmo
Sykkylven bedriftshelseteneste		3		
ÅRIM IKS	IKS	7	1	Vald av repr.skapet
AV-sentralen Volda		4	1*	Steinar Nordmo
Furene AS	AS	5		

HEILEIGD: Dette betyr heileigd kommunalt selskap

IKS: Dette betyr at det berre er kommunar som er med (off.)

AS: Dette betyr at det er både off. og private eigarar

*: Betyr at det skal oppnemnast dette talet på styremedlemmar frå kommunen

OVERSIKT OVER AKSJAR OG LUTAR EIGD AV SYKKYLVEN KOMMUNE PR. 31.12.12

Note nr. 9 i rekneskapen for 2012

AKSJAR OG LUTAR	R 2012	R 2011
Eigarinnskot Åknes Tafjord beredskap IKS	297 500	
ÅRIM IKS (8%)	40 000	
Eigenkapitalinnskot Kommunal landpensjonskasse	1 578 566	
Sykkylvsbrua AS	8 340 000	8 340 000
Storfjordsambandet ASA	4	4
Ålesund og Giske bruselskap AS	0	1
Sykkylven ressurscenter AS	50 000	50 000
Velledalen i Balanse AS, 5 aksjar a kr 1000	5 000	5 000
Muritunet AS	70 000	70 000
Sykkylven næringsutvikling AS, 26 aksjar a 1000,-	26 000	26 000
Sykk. godsterminal AS, 130 aksjar a 1000	0	60 492
Aure omsorgsbustader AS, 400 a KR 500,-	200 000	200 000
Sykkylven bustadselskap AS	4 600 000	4 600 000
Sykkylven Energi AS, 33 a kr 300.000,-	21 670 516	21 670 516
Radio Storfjord AS, 500 a KR 100	1	1
Møre Biovarme AS, 10 a KR 10 110	0	101 100
Sykkylven eignedomsutvikling AS	3 800 000	3 800 000
Sunnmøre Veginvest AS 29 a kr 1000	0	29 000
Storfjordterminalen AS	8 100 000	5 500 000
HAFAS AS 10 a kr 1 000	10 000	10 000
Straumgjerde vassverk, 10 a kr 500	5 000	5 000
AV-sentralen Volda	36 000	36 000
Biblioteksentralen AL, 3 A KR 500,-	1 500	1 500
Det norske teateret LL	3	3
Norsk Møbelfaglig Senter	17 000	17 000
Sykkylven friluftssenter LL 300 a kr 100	30 000	30 000
Hundeidvik vassverk	5 000	5 000
Øvre Velledalen vassverk	5 000	5 000
SUM SEKTOR	48 887 090	44 561 617

I tillegg kjem Furene AS med 24 aksjar à kr 250,- som utgjer ein eigarandel på 2,4 %.

Vurdering av selskap med stor kommunal eigarinteresse

Sykkylven kommune sin eigarstrategi

SELSKAP: Sykkylven Energi AS

VURDERING: Selskapet sine egne vurderingar er at ein har eit solid selskap med god økonomi, men som har utfordringar framover i forhold til utviklinga i kraftprisane, samt dei store investeringane som selskapet er i ferd med å gjere i samband med utbygging av nye kraftverk i kommunen. Dette kan føre til ei strammare drift dei komande åra før ein ser inntektene frå dei nye kraftverka. Selskapet har høg eigenkapitaldel.

EIGARSTRATEGI:

Sykkylven Energi AS er eit heileigd selskap som har vore med gjennom utbytte frå selskapet å bidrege til den øvrige kommunale drifta. Men dette har også vore ein del av planen og strategien når omdanninga til eit heileigd kommunalt AS vart gjort.

Sykkylven Energi skal ha eit økonomisk godt fundament til å gjennomføre viktige og naudsynte investeringar, samt å gje god avkastning på kapitalen. Det økonomiske resultatet for verksemda skal vere slik at det gir grunnlag for utbytte til eigaren på minimum 4 mill kr og for vidareutvikling av verksemda. Det ligg føre eigen utbytteavtale mellom eigar og selskap vedteken i generalforsamlinga våren 2013.

SELSKAP: Storfjordterminalen AS

VURDERING: Selskapet har vore gjennom store endringar dei seinare åra. No er selskapet eit heileigd AS og dei tidlegare aksjeeigarane er kjøpt ut. Dette fører til at drifta av selskapet vil bli lettare. Men selskapet må tydlegare få definert sitt virkeområde. Særleg gjeld dette i forhold til utbygging av kai på Aursneset, kaia i sentrum, djupvasskai, vurdere etablering av hamnedistrikt. Sykkylven Godsterminal AS er no fusjonert inn som ein del av selskapet.

EIGARSTRATEGI:

Storfjordterminalen AS skal ha ansvaret for alle hamneutbygging i kommunal regi i Sykkylven, samt drift av kaiene. Kommunen ynskjer at selskapet gjer vurderingar av om ein skal opprette eit eige hamnedistrikt og event. omdanne selskapet til også å omfatte dette arbeidet. Selskapet må få fortgang i avklaring av kva for kai som skal byggjast ut i kommunen, samt vurdere om det skal vere fleire kaier/event. djupvasskai. Vurdere oppretting av eige hamnedistrikt.

SELSKAP: ÅRIM IKS – Ålesundsregionens interkommunale miljøselkap

VURDERING: ÅRIM vart etablert som nytt interkommunalt selskap i 2010. Naturleg nok har ein måtte bruke noko tid for å få etablert ein organisasjon som er tilpassa den planlagde aktiviteten. Det har i 2012 vore ein del støy i selskapet i samband med kostnadsnivået og avgiftsnivået for tenestene som er lagt til selskapet. Det kan sjå ut som det politiske engasjementet som har vore i 2012 har gjort at ein har greidd å «stake ut» kursen betre. Men det vil vere viktig for kommunen at ein får ein gevinst på å etablere eit så stort selskap. Dersom dette ikkje skjer må kommunen vurdere om ein skal drifte tenestene i eigen regi. Men ein må gje selskapet meir tid før ein konkluderer med dette.

EIGARSTRATEGI:

Tett oppfølging av drifta i selskapet gjennom god kontakt med styret, samt engasjere seg i samband med møta i representantskapet. Sette klare krav til drifta slik at innbyggjarane i Sykkylven opplever at det er eit rett og fornuftig grep å delta i dette samarbeidet. ÅRIM skal drive kostnadseffektivt samtidig som ein tek miljøomsyn..

SELSKAP: Sykkylven Bustadselskap AS

VURDERING: Selskapet er eit heileigd kommunalt selskap som har til formål å forvalte , drive og utvikle den bustadsmassa som dei disponerer. For SK er dette eit viktig selskap då det har ansvaret for utleige av bustader som vert nytta av Butenesta, personar som har særskilde behov for tilrettelagde bustader som funksjonshemma, rus, psykiatri og psykiske utviklingshemma. I tillegg også bustader for eldre.

Selskapet driv i dag godt og har ei stor bustadmasse å ha ansvaret for. Mange av bygningane er i god stand og det ligg store verdiar i selskapet. Selskapet vil vere ein viktig aktør for SK i åra frametter.

EIGARSTRATEGI:

Selskapet skal vere den reiskapan som kommunen skal bruke for å skaffe/leggje tilrette bustadar, leilegheiter m.m. til personar som har særskilde behov. Bustadselskapet bør sørge for at prosessen med å slutte saman Sykkylven Bustadselskap med Aure Omsorgsbustader vert fullført.

SELSKAP: Sykkylven Næringsutvikling AS (Tidlegare: SNU)

VURDERING: Selskapet vart reorganisert i 2010 i samband med at det periodevis hadde lege i «dvale» dei seinare åra. Sykkylven industrilag og SK gjekk inn med nye midlar i ein 5 års periode for å selskapet i gang att. Dette ser ut til å fungere godt. Gjennom «10 prosjekt for SKAPARGLEDE» har ein greidd å setje eit positivt fokus på kommunen og fått i gang gode prosjekt. Selskapet har stor aktivitet og mange prosjekt på gang. Utfordringa vert å sette alle prosjekta som er «liv laga» i gang.

EIGARSTRATEGI:

Aktivt bruke selskapet til å vere kommunen sin pådrivar og utviklar i næringsarbeidet. Vidareføre den satsinga som har vore dei siste 3 år. Styrkje samarbeidet med det politiske miljøet i kommunen gjennom meir informasjon og drøftingar, og invitere styret og dagleg leiar til å møte kommunestyret minst ein gong pr. år.

SELSKAP: Sykkylven Egedomsutvikling AS

VURDERING: Dette er eit selskap som vart etablert på 1990-talet og som kjøpte Tynesfabrikken for å få i gang ny næringsverksemd. Dette har ikkje fungert etter intensjonane og det har vore vanskeleg å skape ny aktivitet i bygget. Der har berre vore delvis aktivitet der dei seinare åra, men ikkje nok til å forsvare drifta. Selskapet arbeider no med å selje bygget for å avvikle drifta.

EIGARSTRATEGI:

Gjennomføre salsprosessen med sikte på at bygget/selskapet vert seld innan utgangen av 2013.

SELSKAP: Storfjordsambandet ASA

VURDERING: Storfjordsambandet vart i si tid etablert for å få til ferjefri kryssing av Storfjorden. Aktiviteten har gått i «rykk og nakk» og ein slit med å få den rette gjennomslagskrafta hjå dei bestemmande myndigheiter. No kjempar ein mot fleire andre alternativ som HAFast og FEFAST. Ein vanskeleg utgangspunkt. Selskapet må auke aktiviteten monaleg og kanskje vurdere ein endra strategi dersom ein skal få raskare gjennomslag for prosjektet.

EIGARSTRATEGI:

Ein har framleis tru på at ein skal kunne realisere prosjektet innan rimeleg tid. Ein må difor arbeide meir strategisk for å få forståing for viktigheita av at dette sambandet vert realisert, samt å knytte til seg samarbeidspartar.

SELSKAP: Sykkylven Bedriftshelseteneste

VURDERING: Selskapet er samansett av 43 medlemsbedrifter og har som oppgåve å drive førebyggjande helse-, miljø og sikkerheitsarbeid. I 2011 vart alle tilsette i SK med i bedriftshelseordninga gjennom BHT. Dette har fungert svært bra og vi er godt nøgde med det samarbeidet som vi har med selskapet. Selskapet er også lokalt basert noko som vi opplever som svært positivt.

EIGARSTRATEGI:

Bruke BHT aktivt for å fremje god helse for våre tilsette, samt hjelp og støtte for å redusere sjukefråværet i kommunen. Særleg førebyggjande arbeid skal prioriterast.

SELSKAP: Sykkylvsbrua AS

VURDERING: Vart etablert i 1990 med føremål å bygge bru over til Ikornes. Dette har vore eit samarbeid mellom mange aktørar og har hatt stor betydning for aktiviteten i Sykkylven sidan opninga i 2000. Etter planen skulle perioden med bompengar vere avslutta i 2015, men det ser ut til at den no vert forlenga til 2017 m.a. fordi at bruken har vore noko mindre i periodar enn det ein hadde rekna med. Dette i tillegg til at ein har hatt utfordringar med innkrevjingssystemet. Men det siste er no retta opp. Når innkrevjing av bompengane er avslutta i 2017 (forhåpentlegvis) kan dette kome til å gje store og nye muligheiter for aktivitet i kommunen.

EIGARSTRATEGI:

Bidra til at innkrevjinga av bompengar vert avslutta slik selskapet legg opp til. Dette inneber at ein må søkje om forlenging av perioden med bompengar til ut 2017.

SELSKAP: Sunnmøre Regionråd IKS

VURDERING: Sunnmøre Regionråd IKS avløyste ÅRU i 2012 i samband med at alle kommunane på Sunnmøre vart samla under ein «paraply». Til saman er der no 17 kommunar som vert leia av eit styre og eit representantskap. Det ser ut som regionråda vert viktige organ i åra som kjem då m.a. Fylkesmannen og fylkeskommunen nyttar desse i større grad.

EIGARSTRATEGI:

SK skal vere ein aktiv pådrivar i det arbeidet som Sunnmøre Regionråd driv med gjennom å fremje saker som har betydning for kommunen og regionen. Kommunen skal også aktivt delta i prosjekt som vert sett i gang i regi av regionrådet når vi ser at dette har positiv betydning for kommunen og regionen.

SELSKAP: Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 IKS

VURDERING:

Intensjonen med at ein etablerte eit interkommunalt revisjonsselskap var å styrkje revisjonen si uavhengigheit, kvalitet og effektivitet. Det har ein truleg langt på veg lukkast med. Men arbeidet til revisjonen har også endra seg mykje dei seinare åra frå å konsentrere seg om detaljer over til å ta meir stikkprøver, samt «dukke» meir ned i særskilde område gjennom forvaltningsrevisjon. Det siste er ikkje minst nyttig for kommunen som gjennom dette kan få korrigert kursen dersom behov.

EIGARSTRATEGI:

Sjølv om ein god kvalitet i det arbeidet som revisjonen gjer i dag, vil det vere behov for å styrkje kvaliteten på det arbeidet som vert gjort framover. Difor bør kommunen vere med å bidra til at kom-rev-3 vert vurdert slått saman med eit anna distrikt slik at ein kan spele på ein breiare kompetanse enn ein gjer i dag. Det vil vere ein stor styrke for dei oppgåvene revisjonen skal utføre.

SELSKAP: Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS

VURDERING:

Inga tilråding

EIGARSTRATEGI:

Inga tilråding

SELSKAP: IKA - Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

VURDERING:

IKA er eigd av alle kommunane og fylkeskommunen i M&R. Hovudoppgåva for IKA er å arkivere/ta vare på alt arkivmateriale frå kommunane og gjere dette tilgjengelig for off. bruk med utgangspunkt i arkivlova. IKA bistår også kommunane med råd og rettleiing, samt opplæring. IKA fungerer godt for kommunane.

EIGARSTRATEGI:

Føre vidare det arbeidet som IKA driv i dag. Kommunen vil også gjere seg nytte av den kompetansen som IKA har m.a. i samband med utarbeiding av arkivplan og kompetanseheving/kursing.

SELSKAP: Åknes/Tafjord Beredskap IKS

VURDERING:

Selskapet si primære oppgåve er overvaking av skred og fjellskred, operere varslingsystem for innbyggjarane, samt å halde dette ved like. Det har vore ei stor utbygging som har vore gjort. Siktemålet har heile tida vore at staten skulle ta over anlegget og drifte dette som eit nasjonalt senter. Dette er førebels ikkje avklart. Men det vil bli tungt for kommunane dersom staten ikkje tek over senteret. Sykkylven kommune har blitt lova/forespeila oppsetting av varslingsanlegg for fleire år sidan. Dette har ikkje kome på plass trass mange purringar.

EIGARSTRATEGI:

Bidra til at staten tek over senteret og driftar det som eit nasjonal senter. Sørge for at det lova varslingsutstyret kjem på plass før staten tek over senteret og seinast innan utgangen av 2013.

VEDLEGG TIL EIGARSKAPSMELDINGA - INFORMASJON FRÅ DEI STØRSTE SELSKAPA

INFORMASJON OM SELSKAPET	
Sykkylven Energi AS	
EIGAR	
Sykkylven kommune 100% Aksjekapital består av 33 aksjar a kr 300 000	
FØREMÅL - VEDTEKTER	
Overføring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune, og produksjon av elektrisk energi i egne kraftstasjonar.	
STYRANDE ORGAN	
Organisasjonskart vedlagt i mail: Selskapets styre består av: Steinar Johan Bakke (leiar), Kristin Grebstad (nestleiar), Odd Arne Krüger, Jarle Strømmegjerde, Renate Karlsen, Halvard Hjorthol og Arvid Skinnes. Dei 2 sistnevnte er valt av dei tilsette. Leiargruppa består av: Trond T Lauritsen (adm.dir), Trude Breivik (øk-/adm.sjef), Halvard Hjorthol (leiar EL-distribusjon) og Ivar Selsbakk (leiar VAR)	
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR	
Årsløn dagleg leiar: kr 850 000 (pr 31.12.2012)	
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE	
Forutan generalforsamlinga (sjå vedlegg), holdast minst eit eigarmøte pr år (utan formell agenda). I eigarmøtet er målsettinga å informere om utviklinga for selskapet samt komande store prosjekter. Det blir her lagt opp til 2-veis dialog. SE rapporterer løpende økonomiske nøkkeltall til rådmann og øk.sjef. T.d budsjett for komande år og forecast/prognose for inneværande år (når denne føreligg på hausten). Gebyr for VAR – rapporterast i samsvar med avtale. Det er lagt opp til ein hyppig og tett dialog med kommunen for å koordinere og samordne aktivitet og drift. Sykkylven kommune har òg forureiningsmynde.	
ØKONOMISKE NØKKELTAL	
Sjå vedlagte årsmelding for 2011. Årsmelding for tidligare år kan om ønskeleg ettersendast.	
VURDERING AV SELSKAPET	

INFORMASJON OM SELSKAPET
Sykkylven Næringsutvikling AS
EIGAR
Sykkylven kommune og Sykkylven Industri- og Næringslag
FØREMÅL - VEDTEKTER
Selskapet sitt formål er å styrke og utvikle eksisterande og ny næringsverksemd i Sykkylven, og oppgåver som står i samband med dette.
STYRANDE ORGAN
Eiget styre: Arne Hanssen (styreleiar) Jarle Strømmegjerde (nestleiar) Emte Aure Ole Bjørn Roald Magnar Vigstad Helge Brunstad (fast møtande vara) Petter Lyshol (møter med tale- og forslagsrett)
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR
2012: Honorar dagleg leiar 60 %-stilling: kr 770.000 2013: Honorar dagleg leiar 30 %-stilling: kr 400.000 (tilsett ny hoppid-kontakt frå 1.1.13) Styrehonorar kr 53.000
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE
Dagleg leiar rapporterer til styret. Har hatt dialogmøter med rådmann og ordførar dei siste to åra. Ønskje frå kommunestyre med eigarmøte, ikkje gjennomført enno
ØKONOMISKE NØKKELTAL
Driftsinntekter (inkl tilskott) 2012: 1.593.064,08 Driftskostnader 2012: 1.635.029,59 Driftsresultat 2012: - 41.965,51 Foreløpig resultat 2012: - 30.528,51

INFORMASJON OM SELSKAPET

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselkap IKS – ÅRIM

Langelandsvegen 1, 6010 Ålesund

www.arim.no

EIGAR

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselkap IKS er eigd av kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog, Ålesund, Vestnes, Sandøy, Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven. Eigarane heftar for disposisjonane til selskapet i forhold til innbyggjartalet i kvar kommune.

Eierandeler i ÅRIM	Folketall 1.1.2012	Eierandel	
		t.o.m. 31.12.2011	f.o.m. 1.1.2012
1504 Ålesund	44 416	44,880 %	45,218 %
1523 Ørskog	2 202	2,273 %	2,242 %
1524 Norddal	1 738	1,889 %	1,769 %
1525 Stranda	4 602	4,874 %	4,685 %
1526 Stordal	1 026	1,050 %	1,045 %
1528 Sykkylven	7 664	8,037 %	7,802 %
1529 Skodje	4 184	4,023 %	4,260 %
1531 Sula	8 256	8,181 %	8,405 %
1532 Giske	7 312	7,271 %	7,444 %
1534 Haram	8 973	9,245 %	9,135 %
1535 Vestnes	6 539	6,903 %	6,657 %
1546 Sandøy	1 315	1,374 %	1,339 %
Sum	98 227	100 %	100 %

FØREMÅL - VEDTEKTER

SELSKAPET SITT FØREMÅL

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselkap IKS (ÅRIM) skal utføre dei lovpålagte oppgåvene medlemskommunane har innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål. Selskapet kan gi tilbud om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg. Selskapet kan utføre andre oppgåver når det er semje om det.

Selskapet skal leggje vekt på miljøvennleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap eller private næringsdrivande. Selskapet skal òg vere eit rådgivande organ og kompetansesenter for medlemskommunane, og drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling.

STYRANDE ORGAN

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Totalt er det seksten medlemmer frå dei tolv eigarkommunane. Representantskapet oppnemner eit styre med sju medlemmer. Styret tilsetter dagleg leiar. Direktør ved Sykkylven Energi AS Trond T. Lauritsen er p.t. med i styret.

Petter Lyshol representerer Sykkylven kommune i representantskapet i ÅRIM. Steinar Johan Bakke er vararepresentant.

LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR

Dagleg leiar 2013: 690 000
Styreleiar 2012: 75 000
Nestleiar styret 2012: 56 000
Styremedlem 2012: 37 500
Leiar representantskapet 2012: 32 000
Nestleiar representantskapet 2012: 21 250
Medlem representantskapet 2012: 10 600

RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE

Selskapsavtalen punkt 8.3 om møte i representantskapet:
"Innkalling til møte skal skje med minst fire veker varsel. Innkallinga skal innehalde sakliste og eventuelle saksdokument. Kvar medlemskommune skal med same frist varslast om innkallinga og sakslista."

Selskapsavtalen punkt 8.5:
"Budsjett og rekneskap skal sendast medlemskommunane som melding."

Sjå også selskapsavtalen punkt 14:
§ 14 Avrekning mellom selskapet og kommunane

For dei tenestene der kostnaden skal delast likt på innbyggjarane i selskapsområdet, betalar kommunane a-kontosummar kvart kvartal etter rekning frå selskapet. Summen for kvar kommune vert fastlagd på grunnlag av vedteke budsjett og talet på innbyggjarar 1.januar. Medlemskommunane skal krevje inn renovasjonsgebyret og gebyr for slamtøming frå dei abonnentane som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypene. Innkrevjinga kan overførast til selskapet dersom kommunane ønskjer det, og selskapet seier seg viljug til å overta innkrevjinga. Desse gebyra vert fastlagde av kommunane i samsvar med lovverket for slike gebyr.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Siste tilgjengelege tal kjem fram i meldinga om vedtatt budsjett og økonomiplan 2013 – 2016.

INFORMASJON OM SELSKAPET
Sunnmøre Regionråd IKS
EIGAR
Kommunane Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund.
FØREMÅL - VEDTEKTER
<p>§ 1 Selskapet sitt namn og kontorstad Selskapet sitt namn er Sunnmøre Regionråd IKS. Selskapet skal ha hovudkontor i Ålesund. Selskapet er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999, og er eit eige rettssubjekt.</p> <p>§ 2 Deltakarar i selskapet Medlemmar i selskapet er kommunane: Giske kommune Organisasjonsnr.: 964 980 721 Haram kommune Organisasjonsnr.: 964 980 810 Hareid kommune Organisasjonsnr.: 964 979 278 Herøy kommune Organisasjonsnr.: 964 978 840 Norddal kommune Organisasjonsnr.: 939 396 268 Sande kommune Organisasjonsnr.: 822 534 422 Sandøy kommune Organisasjonsnr.: 964 981 248 Skodje kommune Organisasjonsnr.: 964 980 454 Stordal kommune Organisasjonsnr.: 964 980 276 Stranda kommune Organisasjonsnr.: 964 980 098 Sula kommune Organisasjonsnr.: 964 980 543 Sykkylven kommune Organisasjonsnr.: 964 980 365 Ulstein kommune Organisasjonsnr.: 964 979 456 Vanylven kommune Organisasjonsnr.: 964 978 662 Vestnes kommune Organisasjonsnr.: 939 901 965 Ørskog kommune Organisasjonsnr.: 864 978 932 Ålesund kommune Organisasjonsnr.: 942 953 119</p> <p>§3 Selskapet sitt formål Sunnmøre Regionråd er eit felles organ for deltakarkommunane. Selskapet har som målsetting å bidra til ei positiv utvikling i regionen samla og i deltakarkommunane. Selskapet skal vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling og næringsutvikling og interkommunalt samarbeid. Selskapet skal drive med regional strategiutvikling, vere ein regional utviklingsaktør og fremje saker som utviklar regionen. Sunnmøre Regionråd skal vektlegge offentleg partnerskap og partnerskap mellom kommunar og næringslivet, vere ein arena for samhandling på Sunnmøre med vekt på regional utvikling, nærings- og kompetanseutvikling, regionale rammevilkår og samferdsel og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv, utdanning, helse og andre regionale og statlege styringsorgan.</p> <p>§ 4 Selskapet si finansiering Deltakarane yter eit årleg driftstilskot basert på folketalet i den enkelte kommune fastsett av representantskapet.</p> <p>§ 5 Eigarandel og økonomisk ansvar Alle kommunane har lik eigarandel i selskapet. Når det gjeld økonomisk ansvar vert det vist til Lov om interkommunale selskap.</p>

§ 6 Representantskapet

Representantskapet er Sunnmøre Regionråd IKS sitt høgste organ, og består av ordførarane i deltakarkommunane. Det skal vere minst like mange vararepresentantar som representantar. Rådmennene har møte- og talerett. Saker vert avgjort med 2/3 fleirtal av dei frammøtte. Valg vert avgjort ved vanleg fleirtal.

Representantskapet har minst fire møter i året. Leiaren i representantskapet er forplikta til å innkalle til møte når det er naudsynt og når enten styret, revisor, minst ein av deltakarane eller minst ein tredjedel av representantskapet krev det for handsaming av ei bestemt sak. Representantskapet skal vere ein aktiv premissleverandør, herunder årleg handsame overordna mål og strategiar for selskapet si verksemd. Representantskapet skal handsame alle saker av prinsipiell karakter. Representantskapet konstituerar seg og vel leiar og nestleiar.

Representantskapet skal handsame selskapet sitt rekneskap, budsjett og økonomiplan. For å vere vedtaksfør er det eit krav at 2/3 av dei røysteføre er frammøtt.

Det er leiar i representantskapet som har ansvar for innkallinga. Innkalling skal skje med minst fire vekers varsel, og skal innehalde sakliste.

Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å vere til stades med mindre det er åpenbart unødvendig, eller det føreligg gyldig forfall. I sistnevnte tilfelle skal det utpeikast ein vikar.

§ 7 Styret

Representantskapet vel eit styre på sjå 7 medlemmar og 5 varamedlemmar. Begge kjønn må vere representert med minst 3 medlemmar i styret og 2 varamedlemmar.

Representantskapet vel leiar og nestleiar. Så langt som mogleg skal det veljast ordførarar og rådmenn til styret.

Styret held møte når styreleiar finn det naudsynt eller eit styremedlem eller dagleg leiar krev det. Styret har det overordna ansvaret for selskapet si drift, og vert vald for to år om gongen.

Leiaren går på omgang mellom medlemskommunane. Ved val skal det takast omsyn til geografisk fordeling. Styret utarbeider forslag til budsjett.

Styret førebur og innstiller i alle saker som skal leggast fram for representantskapet. Jfr. § 5.

Dei ordførarane som sit i styret kan ikkje site i representantskapet, og må der erstattast med sin varaordførar.

Styreleiar har ansvar for innkallinga, som skal skje med rimeleg varsel og så langt det er mogeleg innehalde sakliste. Minst 4 styremedlemmar må vere til stades for at styret skal vere vedtaksfør. Styreleiar representerer selskapet utad.

§ 8 Årsmøtet

Regionrådet held årsmøte kvart år innan utgangen av juni månad. På årsmøtet skal det handsamast årsmelding, revidert årsrekneskap, val og innkomne saker.

§ 9 Administrasjon

Selskapet skal ha ein daglig leiar som har ansvaret for selskapet si daglege drift i tråd med dei retningsliner og pålegg som er gitt av styret. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Dagleg leiar møter på styre - og representantskapsmøta.

Styret kan vedta å tilsette fleire personar i selskapet og/eller leige inn konsulentar og/eller prosjektleiarar i samband med bestemte prosjekt som selskapet vedtek å engasjere seg i.

§ 10 Innmelding

Opptak av nye medlemskommunar skal godkjennast av kommunestyra i medlemskommunane.

§ 11 Utmelding

Ei deltakerkommune kan med minimum 12 månaders skriftleg varsel seie opp medlemskapet i selskapet med verknad frå påfølgjande årsskifte. Kommunar som melder seg ut vil ikkje få med seg nokon andel av tidligare innbetalt kontingent eller andel av selskapet sin eigenkapital.

§ 12 Oppløysing

Selskapet kan oppløysast dersom $\frac{3}{4}$ av eigarkommunane er samde om det. Det enkelte kommunestyre gjer sjølv vedtak om det. Oppløysing av selskapet må etter Lov om interkommunale selskap godkjennast av departementet.

Dersom departementet samtykkjer i oppløysinga skal det oppnemnast eit avviklingsstyre av representantskapet. Fordelinga av selskapet sine aktiva og passiva skjer etter folketalet i medlemskommunane pr. 01.01. det året selskapet vert oppløyst.

STYRANDE ORGAN

Representantskapet er Sunnmøre Regionråd IKS sitt høgste organ og består av ordførarane i deltakarkommunane.

LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR

Ingen styrehonorar.

RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE

Rapportering gjennom styreprotokoll og protokoll fra representantskapsmøter. Ellers hyppig kontakt med kommunene i enkeltsaker og prosjekter.

ØKONOMISKE NØKKELTAL

Medlemskontingent kr 16,- pr innbygger.

INFORMASJON OM SELSKAPET						
Sykkylven Bedriftshelseteneste						
EIGAR						
Medlemsbedriftene i bedriftshelsetenesten. 43 bedrifter per i dag.						
FØREMÅL - VEDTEKTER						
<p>Bedriftshelsetjenesten i Sykkylven har til formål å drive førebyggjande helse-, miljø og sikkerheitsarbeid i medlemsbedriftene.</p> <p>Arbeidet legges opp i overensstemmelse med de til enhver tid gjeldende retningslinjer utgitt av Arbeids- og sosialdepartementet (nå Arbeids- og Inkluderingsdepartementet) og Direktoratet for Arbeidstilsynet.</p> <p>Vedtekter: Legg ved vedtektene som eige vedlegg.</p>						
STYRANDE ORGAN						
<p>Bedriftshelsetjenesten vert leia av eit styre på 3 medlemar.</p> <p>2 medlemar med varamenn vert vald av årsmøtet. 1 medlem med varamann vert vald av dei tilsette sin organisasjon (LO Sykkylven).</p> <p>Styret i Industrilaget fungerer som valkomité, og foreslår kandidatar til styret.</p> <p>Varamedlemene møter fast i styret.</p> <p>Dagens styre:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jon Einar Løvoll (styreleiar) - Steinulf Grøvik (styremedlem) - Bjørn Tandstad (styremedlem – frå dei tilsette) - Eldrid Suorza (varamedlem) - Anita Søvik (varamedlem – frå dei tilsette) 						
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR						
<p>Løn dagleg leiar – 495 900 kr.</p> <p>Styrehonorar – det blir per i dag ikkje betalt styrehonorar</p>						
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE						
<p>Det blir årlig sendt innkalling til årsmøte for Bedriftshelsetjenesten der årsmelding, styrets årsmelding, rekneskap, revisjonsberetning og budsjett for komande år er vedlagt.</p> <p>Når det gjeld leverte tenester vert det utarbeidd årlege periodeplanar og årsrapportar.</p>						
ØKONOMISKE NØKKELTAL						
<p>Nøkkeltal:</p> <table> <tr> <td>Eigenkapital per 31/12 2012:</td> <td>ca. 1 560 000</td> </tr> <tr> <td>Omsetning 2012:</td> <td>ca. 3 460 000</td> </tr> <tr> <td>Resultat 2012:</td> <td>ca. - 40 000</td> </tr> </table> <p>Bedriftshelsetjenesten driv ikkje verksemd for vinnings skuld, og det vert ikkje betalt ut utbytte til medlemmane om ein skulle gå med overskot. Målet er å gå i balanse.</p>	Eigenkapital per 31/12 2012:	ca. 1 560 000	Omsetning 2012:	ca. 3 460 000	Resultat 2012:	ca. - 40 000
Eigenkapital per 31/12 2012:	ca. 1 560 000					
Omsetning 2012:	ca. 3 460 000					
Resultat 2012:	ca. - 40 000					

INFORMASJON OM SELSKAPET
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 IKS
EIGAR
Eierandelen til den enkelte deltaker i selskapet er som følger: Giske kommune: 1/13 Haram kommune: 1/13 Midsund kommune: 1/13 Norddal kommune: 1/13 Sandøy kommune: 1/13 Skodje kommune: 1/13 Stordal kommune: 1/13 Stranda kommune: 1/13 Sula kommune: 1/13 Sykkylven kommune: 1/13 Ørskog kommune: 1/13 Ålesund kommune: 2/13
FØREMÅL - VEDTEKTER
Formålet med å etablere et interkommunalt selskap er å styrke revisjonens uavhengighet, kvalitet og effektivitet. Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS har som formål/oppgave å utføre revisjon i og ha tilsyn med de deltakende kommuner og andre foretak, der Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS er revisor, i henhold til god kommunal revisjonsskikk og de til enhver tid gjeldende lover og forskrifter.
STYRANDE ORGAN
Det øverste organ for selskapet er representantskapet, som består av 13 medlemmer. Leder: Thorbjørn Fylling, Ørskog. Nestleder: Petter Lyshol, Sykkylven Styret velges av representantskapet utenom de ansattes representant som velges av og blant de fast ansatte. Styret har 3 medlemmer og 3 varamedlemmer. Styreleder: Johs. A. Aspehaug, Ålesund, Nestleder: Jorunn Elise Kalvatn, Skodje, Styremedlem: Hans Petter Godø, Giske Den som er utelukket fra valg i kontrollutvalg i selskapets eierkommuner, kan heller ikke velges inn i selskapets styre.
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR
Lønn Daglig leder: Kr 670 000 Styrehonorar: Styreleder kr 18 000,- pr år + 1 300,- pr. møte. Styremedlem kr 1 300,- pr. møte. Leder i representantskapet: kr 6 000,- pr. år + 1 300,- pr. møte. Medlem representantskapet kr 1 300,- pr. møte.
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE
Protokoller frå representantskapet sendes kommunen.
ØKONOMISKE NØKKELTAL
Årsoverskudd 2010: + kr 42 000

Årsunderskudd 2011: - kr 665 000
Balanse:
Anleggsmidler 2010: kr 382 000
Anleggsmidler 2011: kr 433 000
Omløpsmidler 2010: kr 3 403 000
Omløpsmidler 2011: kr 2 459 000
Egenkapital 2010: kr 2 276 000
Egenkapital 2011: kr 1 610 000
Gjeld 2010: kr 1 509 000
Gjeld 2011: kr 1 327 000
Sum gjeld og egenkapital 2010: kr 3 785 000
Sum gjeld og egenkapital 2011: kr 2 937 000

INFORMASJON OM SELSKAPET
Storfjordterminalen AS
EIGAR
Sykkylven Kommune, 100 % - Innskoten aksjekapital er på kr 8 340 000
FØREMÅL - VEDTEKTER
Allmenningskai eigar og drift.
STYRANDE ORGAN
Styre: Styreleiar, 2 styremedlemmar
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR
Daglig leder: 0, innleidd frå Fishtech AS – 15000 kr./år Styreformann: 15000 kr/år, Styremedlem 1: 10000 kr/år, Styremedlem 2: 10000 kr/år
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE
Generalforsamling
ØKONOMISKE NØKKELTAL
Egenkapital pr. 31.12.2012: 7 034 915 kr.

INFORMASJON OM SELSKAPET	
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS	
EIGAR	
Alle kommunane og fylkeskommunen i Møre og Romsdal. Sykkylven kommune eig 2,334 % etter siste justering.	
FØREMÅL - VEDTEKTER	
Selskapsavtale. Vedlagt. Etter endring, skal behandlast i alle kommunestyre og fylkestinget	
Merknad: etter Lov om IKS skal kommunen velje utsending med vara for fire år (valperioden). Går ut frå at Sykkylven har gjort det. Selskapsavtalen skal handsamast i kommunestyret kvart fjerde år når eigardelane er justert etter endring i folketal.	
STYRANDE ORGAN	
Representantskap – kvar eigar møter med ein representant som har røysterrett i høve til eigar- og ansvarsdel. Sykkylven kommune har 2,334 % av røystene på representantskapet (om alle møter).	
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR	
Dagleg leiar: 593.028 Leiar representantskap: 2.500 pr år Nestleiar representantskap: 1.000 pr år Styreleiar: 12.000 pr år + 500 pr møte Nestleiar styret: 5.000 pr år + 500 pr møte Styremedlem/møtande vara: 500 pr møte	
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE	
Sakspapira til representantskapet vert sendt til representanten til kommunen. Kopi burde vore sendt postmottaket til kommunen i tillegg.	
ØKONOMISKE NØKKELTAL	
Frå rekneskapet 2011:	
Driftsinntekter	7.979.349
Driftskostnader	8.333.762
Driftsresultat	- 354.413
Netto finansinnt	25.795
Netto driftsres.	-328.618
Bruk av avsetn.	554.093
Sum avsetningar	334.083
Meirforbruk	-108.608
Balanse	
Eigedelar	4.361.636,46
Eigenkapital	3.449.510,42
Langsiktig gjeld	0
Kortsiktig gjeld	912.126,04

VURDERING AV SELSKAPET

IKA si verksemd er delt i to hovuddelar:

Tenesteytinga til kommunane som vert dekt gjennom kontingent og depotleige.

Oppdrag frå fylkeskommunen (Kulturnett, fylkesfotoarkivet og SEDAK) som er finansiert av fylket og eigeninntekter. Denne verksemda belastar ikkje hovudverksemda til selskapet.

INFORMASJON OM SELSKAPET
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
EIGAR
Kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog, Ålesund FØREMÅL - VEDTEKTER
FØREMÅL - VEDTEKTER
<ul style="list-style-type: none">• Sikre sekretariatstenester til kontrollutvala i deltakarkommunane• Sikre at medlemskommunane blir drevne i samsvar med etablerte prinsipp for god styring og kontroll i offentleg sektor
STYRANDE ORGAN
Styre og representantskap
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR
Løn dagleg leiar: 740.000 Styreleiar: 19.500 pr. år, 1400 pr. møte Leiar i representantskapet: 6.900 pr. år, 1400 pr. møte Øvrige 1400 pr. møte.
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE
Rapportering om budsjett og rekneskap Rapportering om kontrollutvalet sitt arbeid
ØKONOMISKE NØKKELTAL
Omsetning 2011: 1.708.752 Eigenkapital: 583.357 Langsiktig gjeld: 0
VURDERING AV SELSKAPET
God økonomi

INFORMASJON OM SELSKAPET
Sykkylven Bustadselskap AS
EIGAR
Sykkylven kommune eig alle aksjane
FØREMÅL - VEDTEKTER
<p>§3. Selskapet sitt føremål er å forvalte, drive og utvikle den bustadmassa selskapet disponerer. Selskapet kan også engasjere seg i tilknytta verksemd.</p> <p>Selskapet skal ikkje ha til formål å skaffe aksjeeigar økonomisk utbytte.</p> <p>Dersom selskapet går med overskot, skal overskotet tilførast annan eigenkapital.</p> <p>Ved eventuell awikling av selskapet, skal aksjekapitalen gå tilbake til aksjonæren.</p> <p>Eit eventuelt overskot skal gå til helse- og sosialformål i Sykkylven Kommune.</p>
STYRANDE ORGAN
<p>Selskapet sitt styre er valde av generalforsamlinga (kommunestyret).</p> <p>I styret inneverande år: Otto-Magne Strømmegjerde (leiar), Helga Lermo Johansen (nestleiar), Odd Arne Eidem, Torill Velle og Arvid Aure. -</p>
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR
Løn dagleg leiar: 505 000 kroner. Styrehonorar: 61500 kroner. (Av dette 30 000 til styreleiar).
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE
Gjennom årleg generalforsamling kvart år i juni. Elles gjennom orienteringar i formannskapet og samtalar med ordførar og/eller rådmann.
ØKONOMISKE NØKKELTAL
<p>Overskot/ underskot: 2011: - 364400. 2010: 839 927.</p> <p>Sum opptent eigenkapital: 2011: 7 581 039. 2010: 7 945 479.</p> <p>Sum eigendelar: 2011: 41 667 574. 2010: 25 845 519.</p> <p>Gjeld: 2011: 34 086 535. 2010: 17 900 040.</p> <p>Skilnadane frå 2010 til 2011 skriv seg frå bygging av 14 husvere på Grebstadmyra.</p>
VURDERING AV SELSKAPET
<p>Stikkord: Mange bygningar/husvere i god stand og med høg takst.</p> <p>Lån med gode vilkår (Husbanken)- vekta rente om lag 3%.</p> <p>Svak likviditet (har berre husleige) som inntekt.</p> <p>Problem ned mange dårlege betalarar mellom leigetakarane.</p> <p>Eit svært viktig selskap av di selskapet er det verkemiddelet som Sykkylven Kommune og NAV brukar for å løyse problema til alle som har vanskar med å skaffe seg bustad i Sykkylven.</p>

INFORMASJON OM SELSKAPET
Storfjordsambandet ASA
EIGAR
11 kommunar eig tilsaman 151 A-aksjar til ein verdi av kr 151 000. Sykkylven kommune er den største eigaren med 51 aksjar til ein verdi av kr 51 000. Stranda kommune eig 50 aksjar til ein verdi av kr 50 000. Dei andre kommunane er: Ålesund, Ørsta, Hornindal, Norddal, Skodje, Stordal, Ørskog, Stryn og Sula. I tillegg er der 1370 B-aksjar til ein verdi av kr 1 370 000
FØREMÅL - VEDTEKTER
Selskapet skal utgreie muligheita av kryssing av Storfjorden med fast køyrbart samband. Området Sandvika – Glomset er valt som kryssingsstad for bru
STYRANDE ORGAN
Styre: Oddmund Langlo (leiar), Kari Grindvik (nestleiar) Jan Ove Tryggestad (styremedlem), Greta Remø Klokk (styremedlem), Petter Lyshol (styremedlem) Dagleg leiar: Kjetil Kvammen
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR
Det er utbetalt kr 14 500 i styrehonorar i 2012. Av dette kr 4 000 til styreleiar Dagleg leiar fakturerer selskapet for forretningsførsel og anna bistand. For 2012 er dette ført til kr 173 913
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE
Gjennom rapportering på generalforsamlinga
ØKONOMISKE NØKKELTAL
Selskapet hadde ikkje inntekter i 2012, men har drive vidare på tildelt prosjektstønad frå tidlegare år. Selskapet hadde eit underskot for 2012 på kr 4 947. Det står att kr 500 885 i ubrukne prosjektmidlar pr. 31.12.12. Eigenkapitalen i selskapet er nesten brukt opp.
VURDERING AV SELSKAPET

INFORMASJON OM SELSKAPET
ÅKNES/TAFJORD BEREDSKAP IKS
EIGAR
Møre og Romsdal fylke, Norddal kommune, Stordal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Ørskog kommune, Ålesund kommune, Rauma kommune, Ørsta kommune Sykkylven kommune har betalt inn kr 297 500 i eigarinnkot
FØREMÅL - VEDTEKTER
Selskapet er etablert for å drive overvaking av ustabile fjellparti, inkludert også å eige, drive og vedlikehalde varslingsystem for skred i alle dei berørte kommunane. Selskapet skal og gje eigarkommunane bistand til utarbeiding av kommunale beredskapsplanar utan særskilt betaling frå deltakarkommunane. Selskapet skal kunne ta på seg oppdrag med å vere eit fullt ut operativt overvakingssenter for skred, både nasjonalt og internasjonalt, herunder ha som mål å vere eit senter for overvaking og varsling med høg internasjonal kompetanse.
STYRANDE ORGAN
Styre og representantskap
LØN DAGLEG LEIAR - STYREHONORAR
Dagleg leiar: 897 931,- Godtgjersle til styre og representantskap: 419 225,-
RAPPORTERING TIL SYKKYLVEN KOMMUNE
Tilsendt årsmelding og rekneskap, samt generalforsamlinga Varaordførar Olav H. Ulstein medlem i representantskapet for Å/T, medan ordførar Petter Lyshol sit i styret.
ØKONOMISKE NØKKELTAL
Selskapskapital: 5.512.500,-
VURDERING AV SELSKAPET
Det er i gang samtalar for å få staten til å overta drifta og eigarskapet av selskapet. Dette er enno ikkje avklara.
KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI
Kommunen må sørge for at selskapet får etablert dei lova varslingsanlegga. Dette har ikkje kome på plass trass mange purringar. For kommunen vil det vere viktig for framtida at staten tek ansvaret for drifta.

INTERKOMMUNALE SAMARBEIDSORDNINGAR SOM SYKKYLVEN KOMMUNE ER MED PÅ			
Nr	Namn	Deltakarar	Innhald
1	Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep - Møre og Romsdal (SMISO MR)	Alle kommunar i fylket	Hjelpe, førebygge og spreie kunnskap om seksuelle overgrep
2	IKA Møre og Romsdal IKS	Alle 36k i MR + MRFK	Ivareta arkiv oppgåver iht arkivloven
3	Møre og Romsdal 110-sentral KF	36k, alle k i Møre og Romsdal	Døgnbemanna alarmsentral for brann. Dekker 36 kommunar og 80 brannstasjoner/depo.
4	Driftsassistansen for vann og avløp i Møre og Romsdal	Alle kommunar i M&R, med tillegg av RIR og over 30 assosierte medlemmer	Har som formål å drive kompetanseheving gjennom opplæring, erfaringsutveksling og erfaringsformidling. Gjennomfører kurs, driftsoperatørsamlingar og ulike fellesprosjekt. Sekretariatet yter teknisk assistanse og kompetansestøtte ved planlegging og utbygging av VA-anlegg. Organisert med styre m/4 medl + årsmøte. Eige sekretariat på 1-2 årsverk.
5	Ålesundsregionens interkommunale miljøsekselskap IKS ÅRIM	12 k: Ålesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Haram, Sykkylven, Stranda, Norddal, Stordal, Sandøy, Vestnes	Avfallsbedrift. Tar over kommunenes lovpålagte oppgåver innan innsamling, gjenvinning og handtering av avfall og slam
6	Innkjøpsamarbeidet på Sunnmøre	12k: Ålesund, Ørskog, Vestnes, Sykkylven, Sula, Stranda, Stordal, Skodje, Sandøy, Norddal, Haram og Giske	Innkjøpsamarbeid administrert av Ålesund kommune ved Konserninnkjøp. Egne kontaktpersoner i kommunane. Den enkelte kommune vel på førehand om de skal delta i den enkelte konkurransen. Innkjøpsamarbeidet deltar i enkelte samanhengar også i større innkjøpsgrupper. Innkjøpsamarbeidet skal gi kommunane faglig forsvarlige og kostnadseffektive innkjøp.
7	Krisesenter for Sunnmøre	17k: Ålesund, Ørsta, Volda, Herøy, Sande, Ulstein, Hareid, Sula, Giske, Skodje, Haram, Ørskog, Stordal, Norddal, Vanylven, Stranda og Sykkylven	Gratis, døgnoppe tilbud for barn, kvinner og menn som er eller har vært utsatt for vold.
8	Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	12 k: Ålesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Haram, Sykkylven, Stranda, Norddal, Stordal, Sandøy, Midsund	Sekretariatstenester for kontrollutvala i eigarkommunane

9	Kommunerevisjonsdis trikt 3, Møre og Romsdal IKS	12 k: Ålesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Haram, Sykkylven, Stranda, Norddal, Stordal, Sandøy, Midsund	Kommunerevisjon for eigarkommunane og evt. andre institusjonar
10	IUA Sunnmøre	17k: Ålesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Haram, Sykkylven, Stranda, Norddal, Stordal, Ørsta, Volda, Vanylven, Ulstein, Hareid, Herøy, Sande	Beredskap mot akutt forureining
11	Åknes/Tafjord Beredskap IKS	7k: Stranda, Norddal, Rauma, Stordal, Ørskog, Sykkylven, Ålesund + MRFK	Overvaking av fjellskred i områda Åknes i Stranda, Heggerudaksla i Norddal og Mannen i Rauma. Eig og driv varslingsystem, utvikling av beredskapsplanar, konsulenttenester, rådgiving etc.
12	Sunnmøre regionråd IKS	19k på Sunnmøre inkl. Vestnes og Sandøy i Romsdal	Regionrådsfunksjoner. SR har som målsetting å bidra til en positiv utvikling i medlemskommunane og i regionen samla. SRs viktigaste oppgåver er å skape arenaer for samhandling i regionen, initiere og drive regionale utviklingsprosjekter og arbeide for regional utvikling og regionale rammebetingelsar. Strategisk plan for 2012-2015 ligg føre.
13	Samarbeid om energi og klimaplaner på Sunnmøre	De fleste kommunar på Sunnmøre	Samarbeid initiert av Sunnmøre Regionråd, tidlegare ÅRU. I 2010 ble det vedtatt energi og klimaplaner i følgjande kommunar: Giske, Ålesund, Ørskog, Stordal, Nordal, Skodje, Sykkylven og Stranda, Haram og Sandøy. I 2011 kom Vestnes og Sula til. Det er samarbeid med klimaleiing (digital håndbok), implementering av vedtekne tiltak, energikartlegging, holdningsskapande arbeid etc.
14	Prosjektleder Samhandlingsreform Sunnmøre	Alle kommunane i regionrådet	Regionrådet har sidan 2010? hatt egen prosjektleder for oppfølging av samhandlingsreforma. Felles rekrutterings- og kompetanseplan og plan for elektronisk samhandling/meldingsutveksling er utviklet og avgitt for oppfølging i regi av etablerte samhandlingsorgan mellom kommunane og helseforetaket. Fra 2012 er det oppretta ei administrativ samhandlingsgruppe med deltaking frå alle kommunane. Rådgivar i regionrådet fungerer som sekretær for møter ca kvar 2.måned. Frå kommunane møter kommunalsjef/einingsleier og/eller

			kommune(over)eleger. Tema er oppfølging og implementering av reforma, bl.a. diskusjon av rehabilitering og ØH-hjelpstilbud.
15	Kompetanseløft barn og unge Sunnmøre (Mission possible)	Alle kommunane i regionrådet	Samarbeid om utdanning- og kompetanse/kurstilbud for tilsette i barneverntjenestene. I siste fase også utvikling av betre samhandling mellom kommunane, Bufetat, politi og helseforetak. Finansiering frå Helse Møre og Romsdal til 2014. Egen prosjektleder i 20% stilling i regionrådet.
16	Oppvekst kompetansesamarbeid på Nordre Sunnmøre	12k, alle u/Søre Sunnmøre	Samarbeid om kompetanseutvikling og etterutdanning. Målet er å sikre kvalitets- og kompetanseheving innan skule og barnehage i regionen. Dette skal skje ved å etablere felles arenaer, arrangementer og delprosjekt. Tidlegare ÅRU Oppvekst. Sju kommunar på Søre Sunnmøre har eige samarbeid gjennom Sjustjerna.
17	LUK på Sunnmøre	Alle kommunane i regionrådet	LUK-satsinga skal sette kommunane betre i stand til å planlegge, mobilisere, samarbeide og gjennomføre utviklingstiltak. Målet er at alle i kommunane i fylket skal heve sin kompetanse på samfunnsanalyse, planlegging og gjennomføring av lokalt utviklingsarbeid i kommunane og dermed styrke sin attraktivitet for tilflytting og rekruttering. Initiativ til skreddarsydd kurs innan prosessleing og utviklingsarbeid går over tre samlingar kvar på tre dagar. Antall studieplasser er 75 fordelt på tre grupper, og det vil være mulig å ta eksamen med 15 studiepoeng på bachelor og masternivå. Målet med satsinga er meir suksess i det lokale utviklingsarbeidet gjennom å styrke prosessleiarcompetansen både hos folkevalte og administrativt tilsette. LUK-satsinga er delfinansiert fra fylkeskommunen.
18	Kulturløft Sunnmøre	Alle kommunane i regionrådet	Mål om å vidareutvikle og etablere et fastare regionalt kultursamarbeid på Sunnmøre. Initiert av et samarbeidsforum som er sett saman av kulturleiarane i

			regionen.
19	Team kommuneadvokat Ålesund	10k: Ålesund, Giske, Skodje, Ørskog, Stranda, Sykkylven, Stordal, Norddal, Sandøy, Herøy	Representerer kommunane i barnevernsaker, inkludert tvistesaker, prosedyrar for domstolane og Fylkesnemnda for sosiale saker. Driver også rådgiving og opplæringstiltak/kurs i kommunane.
20	Veterinærvakt Stranda og Ålesund	Ålesund, Giske, Sula, Sykkylven, del av Stranda og del av Haram	Felles veterinærvaktdistrikt, Ålesund administrerer
21	Muritunet AS	Norddal og alle øvrige k i MR	Senter for mestring og rehabilitering
22	AV-senteret	Volda, Sykkylven, Vanylven, Sande	Undervisningstenester på nett
23	Overgrepsmottaket i Ålesund	15k, alle på Sunnmøre unntatt Hareid, Ørsta, Sandøy: Ålesund, Giske, Sula, Sande, Skodje, Stranda, Sykkylven, Stordal, Norddal, Haram, Herøy, Vanylven, Volda, Ulstein, Ørskog,	Lavterskeltilbod ved seksuelle overgrep og vold i nære relasjonar